

Justert forslag til utviklingsavtale mellom Kunnskapsdepartementet og NTNU 2023-2026

1. NTNU skal utvikle si rolle som pådriver og partner for berekraftig samfunnsutvikling

NTNU har eit utstrekt samarbeid med arbeidsliv, styresmakter og andre akademiske miljø, og dette må stadig vidareutviklast for å vere relevant som partner og premissleverandør for samfunnsutviklinga. NTNU er eit breiddeuniversitet med ein teknisk-naturvitskapleg hovudprofil, og eit tyngdepunkt innan profesjonsutdanning. NTNU skal ha høg kvalitet og relevans innan alle sine fagområde, og utdanne kandidatar med kunnskap og kompetanse til å bidra til berekraftig samfunnsutvikling. Med tverrfagleg tilnærming til ny kunnskap vil NTNU nytte og vidareutvikle sitt potensial for innovasjon med utspring frå forskning, og arbeide for at kunnskap tas i bruk. NTNU skal gjennom dette gi sine bidrag til langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Styringsparameter 1:

NTNU nyttar hovudprofilen og den faglege breidda til å utdanne kandidatar med berekraft- og omstillingskompetanse

Utdanningsaktiviteten ved NTNU skal vere forskingsbasert, framtidsretta, relevant for samfunnet og gi kandidatar som både bidreg til og kan vere pådrivarar for samfunnsutvikling i tråd med berekraftsmåla til FN. NTNU skal utdanne fagleg sterke kandidatar som er tverrfagleg orienterte og godt førebudd på eit arbeidsliv i kontinuerleg endring.

NTNU skal i avtaleperioden:

- tydeleggjere relevante berekraftsperspektiv i utdanningane.
- utvikle fleire tverrfaglege studietilbod og gi studentane innsikt i tverrfagleg samhandling gjennom læringsaktiviteter som kryssar fag- og profesjonsgrensar.

Styringsparameter 2:

NTNU styrkar tilbodet om livslang læring

NTNU skal bidra til å møte framtidige kompetansebehov i samfunnet, og skal utvikle etter- og vidareutdanningstilbod i samspel med arbeidslivet. Utdanningar ved NTNU skal gi kandidatane eit godt grunnlag for å tileigne seg ny kunnskap og kompetanse.

NTNU skal i avtaleperioden:

- opprette og dimensjonere fleksible utdanningstilbod tilpassa behov i samfunnet og i arbeidslivet.
- utforske og utvikle nye leveranseformar og tilbod som møter behova for desentralisert og fleksibel utdanning.

Styringsparameter 3:

NTNU gjennomfører Framtidas teknologistudier og Framtidas HUMSAM-studier

NTNU har gjennomført to store prosjekt med mål om å utvikle neste generasjons teknologi- og humaniora og samfunnsfag (HUMSAM)-studiar. Dei store samfunnsutfordringane, arbeid med berekraftsmåla til FN og framtidige kompetansebehov er lagt til grunn for arbeidet.

NTNU skal i avtaleperioden:

- iverksette tilrådingar frå prosjekta Framtidas teknologistudier og Framtidas HUMSAM-studier.

Styringsparameter 4:**NTNU skaper innovasjon, utvikling og omstilling ved at forskingsbasert kunnskap og ny teknologi blir tatt i bruk**

NTNU utviklar og formidlar innovative og berekraftige løysingar og teknologiar, bidreg til å utvikle og omstille eksisterande næringsliv og offentleg sektor og til å skape det nye næringslivet med utgangspunkt i idear og forskingsresultat frå tilsette og studentar. Med tverrfagleg tilnærming til komplekse problemstillingar skal NTNU bidra til ny kunnskap og innovative løysingar. Samarbeid med arbeids- og samfunnsliv er eit sentralt verkemiddel for nyskaping, kvalitetsutvikling og relevans.

NTNU skal i avtaleperioden:

- vidareutvikle og utvide samarbeid og partnerskap med arbeids- og samfunnsliv.
- delta aktivt i Sentra for forskingsbasert innovasjon (SFI), Sentra for miljøvennleg energi (FME), og i næringsklynger og -parkar.
- vidareutvikle forskingsresultat og idear frå tilsette og studentar for realisering av nytt næringsliv gjennom kommersialisering.

Styringsparameter 5:**NTNU skal vere eit føregangsuniversitet for berekraft i eiga drift**

NTNU forskar på og utviklar berekraftig teknologi og løysingar tilpassa eit framtidig nullutsleppssamfunn.

NTNU skal i avtaleperioden:

- nytte eigen infrastruktur, organisering og drift som laboratorium for utvikling og implementering av berekraftige løysingar.
- arbeide systematisk med å redusere eige klimafotavtrykk, og demonstrere at ei verksemd som NTNU kan drivast med høg kvalitet innanfor miljøvennlege rammer.

2. NTNU skal styrke lærings- og arbeidsmiljøet og utvikle tilsette sin kompetanse

Ein viktig del av kvalitetsarbeidet ved NTNU handlar om å utvikle og ta vare på studentar og tilsette. NTNU ønsker å ta vare på og forbetre læringsmiljøet for studentane, og vil gjennom høg utdanningskvalitet sørge for å utdanne gode kandidatar som bidreg til å utvikle samfunn og arbeidsliv. Den fysiske utforminga av universitetsområda og den digitale infrastrukturen er viktig for studiemiljøet og for at NTNU skal utvikle gode og framtidsretta lærings- og arbeidsmiljø. NTNU skal vere ein attraktiv og profesjonell arbeidsgjevar som legg til rette for at tilsette får utvikle seg gjennom heile karriereløpet og realisere sitt faglege potensial.

Styringsparameter 6:**NTNU styrker læringsmiljøet til studentane for å legge til rette for auka læring og trivsel**

Studie- og læringsmiljøa ved NTNU skal vere attraktive og anerkjent for sin høge kvalitet, og studentane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til trivsel og god læring. Utvikling av læringsmiljø er ein integrert del av arbeidet med å utvikle høg kvalitet i utdanningane.

NTNU skal i avtaleperioden:

- arbeide for å ivareta studentar, og sikre god fagleg og sosial integrering.
- bidra til at studentfrivilligheita ved dei tre campusane vert ytterlegare styrka.

Styringsparameter 7:**NTNU utviklar attraktive campusar og infrastruktur som bidreg til framifrå lærings- og arbeidsmiljø og høg fagleg kvalitet**

NTNU skal legge til rette for framtidsretta utdannings-, innovasjons- og forskingsaktivitet med gode faglege og sosiale kvalitetar, og hybride arbeidsformer for studentar og tilsette.

NTNU skal i avtaleperioden:

- prioritere strategisk utvikling av den fysiske og digitale infrastrukturen.
- arbeide vidare for universelt utforma fysisk og digital infrastruktur som legg til rette for studentaktiv læring og eit inkluderande og framifrå studiemiljø.
- ivareta og utvikle fasilitetar og forskingsinfrastruktur i toppklasse, som innbyr til partnerskap og samarbeid.
- etablere felles læringsareal for ulike fagområde som ein del av campussamling i Trondheim.

Styringsparameter 8:**NTNU arbeider systematisk for å utvikle tilsette sin kompetanse og karriere**

NTNU skal forsterke sin attraktivitet og faglege styrke gjennom meir systematisk tilnærming til rekruttering, kompetanseutvikling og strukturerte gode karriereløp for tilsette. NTNU skal tilby sine tilsette føreseielege rammer og gi moglegheit til god kompetanse- og karriereutvikling.

NTNU skal i avtaleperioden:

- vidareutvikle kultur for god forskings-, utdannings- og personaleiing, mangfald og arbeidsdeling.
- utvikle eit rammeverk for kompetanseutvikling for vitskapeleg tilsette, som dekker utdanning, forskning, innovasjon og formidling.

3. NTNU skal utvikle seg som leiande, internasjonalt universitet

Internasjonalt samarbeid er avgjerande for å heve kvaliteten i forskning, innovasjon og utdanning. NTNU skal ta del i den internasjonale teknologi- og kunnskapsfronten og ønsker å samarbeide breitt internasjonalt og auke utnyttinga av verkemidla til EU for forskning, innovasjon og utdanning. Gjennom open vitskap, akademisk fridom, deltaking i offentleg debatt og kunnskapsbaserte grunnlag for avgjersler, skal NTNU bidra til å fremme utvikling i tråd med berekraftsmåla til FN. NTNU skal prioritere arbeid med mobilitet og rekruttering som sikrar mangfald, kvalitet, og innsikt i globale problemstillingar.

Styringsparameter 9:**NTNU legg til rette for at vesentleg fleire faggrupper etablerer seg på eit dokumentert høgt internasjonalt nivå**

NTNU ønsker fleire grupper som bidreg aktivt i forskingsfronten og er anerkjent for høg vitskapeleg kvalitet.

NTNU skal i avtaleperioden:

- vidareutvikle fleire framifrå faggrupper i større breidde av verksemda.
- auke deltaking og gjennomslagskraft i kvalitetsbaserte forskingskonkurransar, spesielt internasjonale toppforskningsverkemiddel og nasjonale senterordningar.

Styringsparameter 10:**NTNU utviklar og styrkar samarbeid og partnerskap med internasjonalt leiande fagmiljø**

NTNU skal vere eit attraktivt universitet for vitskapsfolk frå heile verda og ein attraktiv internasjonal partner for forskings-, innovasjons- og utdanningssamarbeid.

NTNU skal i avtaleperioden:

- legge til rette for at forskargrupper ved NTNU skal vere aktive i det internasjonale forskingsfellesskapet og utvikle kunnskap i samarbeid med strategiske nasjonale og internasjonale partnerar.
- ta leirolla i store fellesskap og nettverk innan forskning, utdanning og innovasjon.

Styringsparameter 11:**NTNU utviklar og deler kunnskap og teknologi som bidreg til å møte globale utfordringar**

NTNU skal engasjere seg i å løyse globale utfordringar og bidra til å fremme utvikling i tråd med berekraftsmåla til FN.

NTNU skal i avtaleperioden:

- utvikle kunnskapsbaserte løysingar på globale utfordringar i samarbeid med det internasjonale forskingsfellesskapet.
- vidareutvikle prioriterte partnerskap med universitet i Det globale sør.
- bidra til å utvikle open vitskap for å fremme utvikling i tråd med berekraftsmåla til FN.

Styringsparameter 12:**NTNU stimulerer til internasjonal mobilitet og rekruttering som sikrar mangfald og kvalitet**

Internasjonal mobilitet og rekruttering gir auka kvalitet i den faglege verksemda til NTNU. Tilsette skal vere aktive deltakarar i det internasjonale fagfellesskapet og delta på ulike internasjonale arenaer.

NTNU skal i avtaleperioden:

- rekruttere, behalde og knytte til seg gode internasjonale vitskaplege tilsette.
- arbeide for at studentar ved NTNU møter internasjonale perspektiv i si utdanning.
- auke studentutvekslinga til og frå NTNU.